



Stein.Skiaker@coop.no

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/2594 - 19/36320

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

05.12.2019

## Vedkomande søknad om fortsatt bruk av eksisterande fettutskiljar - Gbnr 108/88 Goman Lindås AS

Teknisk drift viser til Dykkar e-post av 04.12.2019 vedkomande søknad om forstatt bruk av eksisterande fettutskiljar ved gbnr 108/88.

### Saka gjeld:

Søknad om fortsatt bruk av eksisterande fettutskiljar – gbnr 108/88 som kommune har kravd skifta ut.

### Vurdering/drøfting:

Søkjjar ønskjer å få nytta eit anlegg som er 37 år og som har for liten kapasitet til å handtere utstyr som bakeriet nyttar. På grunn av anlegget sin alder har kommunene har vore i kontakt med produsenten som kan bekrefte at anlegg er utgått på dato. Tilbakemelding får produsenten er at nye anlegg som produserast i dag har ei levetid på 25 år, eldre anlegg har kortare levetid.

Ved tømning er det registrert mykje slam i anlegg. Det skal ikkje være slam i ei fettutskiljar. Forekomst av slam gir ei god indikasjon på at anlegg ikkje fungerer slik det skal.

I 2016 vart tømmeffrekvens for anlegg endra til 6-12 gonger per år. Endring i tømmeffrekvens har ikkje redusert utslepp av fett på kommunal avløpsnett. Orsaka til dette er at anlegg ikkje er dimensjonert for utstyr som bakeriet nyttar. Varmt fetthaldig avløpsvatn ikkje får nok «opphaldstid» i anlegg for at alt fett kan verte skilt ut. Avløpsvatnet vert først avkjølt når det har passert anlegg. Fett vert avsett på avløpsnettet og påfører dette og reinseanlegg skader. Fett som tettar igjen avløpsnett kan også føre til tilbakeslag av kloakk i bygg.

Anlegg som er installert er i frå 80 talet og har, ifg produsenten, ei størrelse NS 3 etter dagens krav (900 liter våt volum). Anlegg har aldri vore dimensjonert for slakteri. Slakteriet som installerte anlegg har gjort dette utan godkjenning frå kommunen.

### Samandrag/konklusjon:

Anlegg har for liten kapasitet til å handtere utstyr som vert nytta ved bakeriet. Fettinnhald i avløpsvatn som går ut på kommunalt avløpsnett er høgare enn krav til utslepp. Anlegg har også ei alder som tilseier at det må skiftast ut.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



**Vedtak:**

Teknisk drift avslår søknad om løyve til å nytte eksisterande anlegg ved gbnr 108/88. Avslag vert gitt med følgjande grunngjeving:

Anlegg har for liten kapasitet til å handtere fetthaldig avløpsvatn frå utstyr som vert nytta ved bakeriet. Anlegget sin størrelse gjer at avløpsvatn ikkje har tilstrekkeleg opphaldstid i kammer for å kunne skilje ut alt fett. Fettet er ikkje vert skilt ut i anlegg vert ført ut på kommunalt avløpsnett og avsett der. Kommunen har registrert mykje fett på avløpsnett og forureiningssaka i Ådnevik dokumenterer dette. Konklusjon er at krav til utslepp ikkje er stetta. Anlegg fungerer ikkje slik det skal.

Anlegg har ei alder på 37 år. Produsenten har bekrefta at anlegg som vart installert på 70 og 80 talet har ei levetid på maks 20 år. Levetid på 20 år føresett at anlegg får regelmessig tømning og vedlikehald. Anlegg har tidlegare ikkje vore tømt og vedlikehalde regelmessig. Anlegg er installert og knytt på kommunalt avløpsnett utan godkjenning frå kommunen. Anlegg er ikkje dimensjonert for slakteri. Ved eigarskifte og/eller ved endring i aktivitet, skal anlegg opp til ny vurdering hos kommunen. Anlegg er ikkje vurdert på nytt for Dykkar verksemd.

*Det er med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp» at Teknisk drift sett krav til utskiljaranlegg som er knytt på kommunalt avløpsnett. Føremål med krava er å sikre at anlegg stettar krav til utslepp slik at fett ikkje vert ført ut på avløpsnett og påfører dette og reinseanlegg skader.*

**Klage:**

Enkeltvedtak fatta med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vatn og avløp» følgjer privatrettslege reglar. Kommunen nyttar sin private råderett over vass- og avløpsnett. Enkeltvedtak fatta med heimel i «Standard abonnementsvilkår for vann og avløp» anses ikkje som utøving av offentleg mynde og har difor ingen formell klageadgang.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Stein.Skiaker@coop.no